



Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd 28.11.2024 i Granvin kl 15.20 - 18.30

Tilstades representantar

Eidfjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Eivind Bu
Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Hallvard Valland
Kvam herad	Ungdomsrådsnestleiar Alexander Nitter
Kvam herad	Vegard Eide Aase - leiar Hardanger og Voss ungdomsråd
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsleiar Najma Abdi Jama
Ulvik herad	Ungdomsrådsmedlem Mads Bakkan Ådland
Ulvik herad	Ungdomsrådsmedlem Mohammad Alhami
Ulvik herad	Ungdomsrådsmedlem Emma Saathoff
Ulvik herad	Ungdomsrådsmedlem Hanna Netland

Ikkje tilstades representantar

Eidfjord kommune	Ungdomsrådsleiar Anders Myklatun Hole
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsnestleiar Isak Bayati
Voss herad	Ungdomsrådsleiar Håkon Skjoldli
Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar Øyunn Finne Marø

Kontaktpersonar

Eidfjord kommune	Ordførar Eidfjord kommune/Rådsordførar i Hardanger Timo Knoch
Kvam herad	Heradsstyreprerentant Heidi Fanebust
Ulvik herad	Tor Schei Hellesnes
Voss herad	Eivind Lorentzen Djønne - digitalt
Ullensvang kommune	Linn Østerbø
Hardangerrådet iks	Trude Lægreid Rinaldo

SAKLISTE:

HU-sak 16/24 Internasjonale prosjekt i HU

Inspirasjon og informasjon om Erasmus+ Ungdom. Det er mange moglegheiter for store og små prosjekt, både lokale, nasjonale og internasjonale. Barbara Harterink, seniorrådgjevar i Vestland fylkeskommune informerte godt, og er tilgjengeleg for hjelp dersom rådet vil jobba vidare med slike prosjekt. Det er to søknadsfristar i året: 12.02.25 og 01.10.25
Presentasjon ligg ved referatet, og her er link til nettstaden [Erasmus+Aktiv ungdom](#).

Introduksjon frå Barbara.

På spørsmål om idear til slike prosjekt var det ulike forslag:

1. Laga ei demokratiopplæring for alle ungdomsskuleelever i heile Hardanger og Voss.
2. Å utvikla medieforståelsen til dei unge. Det hadde vore spennande å samhandla med eit anna land, f.eks Sverige.
3. Laga "deep fakes" for å forstå kor vanskeleg det er å vita kva sanninga er.

HU-sak 17/24 Opplæringskonferansen 2025

Rådet starta drøfting, og vart enige om at spørsmål om tema, gjennomføring og kven ein eventuelt skal invitera går til alle ungdomsråda.

Vedtak:

Kvart ungdomsråd drøftar dette på sitt neste møte og sender informasjonen til sekretariatet. Rådet ber også om at oppsett dato 31.03.2025 snarast vert sjekka av ungdomskoordinatorane

mot skule og andre viktige kalenderar.

HU-sak 18/24 Nytt ungdomsprogram frå regjeringen

Kan ein gjera noko for å styrka barn og ungdom og herda dei mot utenforskap?

God drøfting av tema i møtet. Dette var litt av det me sat igjen med:

- Få folk på ein skule eller i bygda gjer at nokon vert utanfor fordi dei er annaleis.
- Lite praktiske fag i skulen, gjer at mange har lågare sjanse for å finna seg tilrette.
- Psykisk helse er ein stor utfordring som veks. Er det noko som kunne vore annaleis?
- Fritidsklubbar er motvekt mot utanforskap og alle burde ha moglegheit for eit slikt tilbod.

HU-sak 19/24 Møteplan 2025

Vedtak:

Hardanger og Voss ungdomsråd vedtek møteplan slik den ligg føre. Alle møter skal vera på dagtid. Dei må likevel reservera seg for eventuelle viktige dagar på skulen, det er endå ikkje klart.

Møteplan Hardanger og Voss ungdomsråd 2025 1. halvår.

Hardanger og Voss Ungdomsråd 2025	Januar Onsdag 29. Ullensvang Konstituering	Mars Tirsdag 4. mars. Ulvik	Mars Mandag 31. mars. Kvam Hardanger og Voss opplæringskonferanse	April Onsdag 23. Eidfjord Evaluering og oppfølging	M A I	Juni	J U L I A U G S E P T	Oktober	November	Desember
--	---	--------------------------------------	--	--	----------------------	------	---	---------	----------	----------

HU-sak 20/24 Nytt frå kvart ungdomsråd

EIDFJORD

Leiar og nestleiar er på valg, dei som sit no kan verta skifta ut.

Ungdomsråd har vore med å påverka at trengingssenteret vert oppgradert med ny aktivitetssal og utvida styrkerom.

Dei har vore med på ein undersøkelse hjå Statsforvaltaren, der dei snakka om ungdomsrådet sin påverknad til kommunestyret. No lagar dei film, som skal visast for alle statsforvaltarane til våren. Det skal byggjast padelbane i Eidfjord, plassering er fokus no. Ungdomsrådet har uttalt kvar dei vil ha den. Tre representantar er på valg.

ULLENSVANG

Alle 10. klassingar skal få klassesett med Kvitebussar til Auschwitz. Kommunen støttar med 2 millionar kroner og gjennomfører gratisprinsippet.

Ungdomsrådet får representantar inn i kommunale pågåande prosjekt. Dei har representant i desse prosjekta: ny busstasjon i Odda og sentrumsutvikling på Lofthus.

Dei har også fått 2 representantar i politirådet, for å betra samarbeid mellom politi og ungdom.

ULVIK

Har nytt ungdomsråd, og skal konstituera seg i neste veke.

Dei arbeider for kunstgras på fotballbanen.

KVAM

Kvam har akkurat hatt valg, og nytt råd er ikkje kome igang med nye ting endå.

Rådet er i seg sjølv er utvida med to nye kandidatatar, ein frå kultur og ein frå ungdomsbasen.

HU-sak 21/24 Orienteringssaker og saker melde inn ved møtestart

Referat v/ Trude Rinaldo